ØYGARDEN KOMMUNE
RÅDMANN

# MØTEREFERAT

## REFERAT FRÅ MØTE I DET KOMMUNALE FORELDREUTVALET FOR GRUNNSKULEN (KFUG), 03.10.13

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Dok. ref.:** | 12/294-24/K2-A12//ØST | **Møtedato/Tid:** | 03.10.13<br>19.00 -21.00 |
| **Stad:** | Øygarden Rådhus<br>Møterom: Rongesundet | **Møtenr.:** | 04/13 |
| **Referent:** | Øyvind Strandheim | | |
| **Tilstades:** | Bernhard Eriksen<br>Tove Andersen<br>Marianne Bru<br>Stian Stokken<br>Beate Watnedal<br>May Britt Heggholmen<br>John Steffen Ervik<br>Reidar Johannesen<br>Espen Harkestad | Rong skule<br>Rong skule<br>Toftøy skule<br>Blomvåg skule<br>Blomvåg skule<br>Alvheim og Bakken skule<br>Alvheim og Bakken skule<br>Øygarden ungdomsskule<br>Øygarden ungdomsskule | |
| **Forfall:** | Leif Gunnar Vik | Toftøy skule | |

**Referat vert sendt til:**

| SKULE | Leiar | Nestleiar |
|---|---|---|
| Toftøy skule | Marianne Bru<br>marianne@gantic.no<br>mob: 400 48 547 | Leif Gunnar Vik<br>Igun-vik@online.no |
| Rong skule | Bernhard Eriksen bern@statoil.com<br>Pålsneset 5337 RONG<br>mob: 913 92 457 tlf: 56384574 | Tove Andersen<br>ta@norgeshus.no<br>96625477 |
| Blomvåg skule | Stian Stokken<br>sastokke@online.no<br>46668218 | Beathe Watnedal<br>Beathe.watnedal@oygarden.kommune.no<br>47900121 |
| Alvheim og Bakken skule | May Britt Heggholmen<br>May.britt@vestkystbygg.no<br>92645146 | John Steffen Ervik<br>John.ervik@oygarden.kommune.no<br>99799522 |
| Øygarden ungdomsskule | Espen Harkestad<br>espen@obe.as<br>mob:92898866 | Reidar Johannesen<br>Rkjoh1967@gmail.com<br>Mob:93491210 |

**SAKLISTE:**

| **Sak nr.** | **Tema** |
|---|---|
| **18/13** | **Konstituering:**<br><br>Val av leiar og nestleiar<br><br>**Vedtak:**<br>Bernhard Eriksen vart samrøystes vald til leiar av det kommunale foreldreutvalet for grunnskulen for skuleåret 2013/14<br>Marianne Bru vart samrøystes vald til nestleiar i det kommunale |

| | |
|---|---|
| | foreldreutvalet for grunnskulen for skuleåret 2013/2014 |
| **19/13** | **Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 14.03.13**<br>**Godkjenning av innkalling til møte 03.10.13**<br><br>**Konklusjon:**<br>Referatet frå møte14.03.13 vart gjennomgått, kommentert og godkjent<br>Innkalling til møte 03.10.13 vart godkjent |
| **20/13** | **Status for skulene (max 15 min til saman)**<br><br>Øygarden ungdomsskule**:**<br>• FAU prøver å leggja til rette for uteaktivitetar. Elevrådet er kopla på. Aktivitetane gjeld tiltak på inntil kr.80 000, beløp som kan utløyse tilskot<br>Toftøy skule:<br>• FAU har drøfta trafikksituasjonen, m.a sykling til skulen, som gjeld frå 5.klasse<br>• Tettare samarbeid med Toftøy barnehage<br>• Arbeid med «Vaksne skaper vennskap» (U-dir kampanje mot mobbing)<br><br>Rong skule:<br>• FAU jobbar for å få opp grillhytte på uteområdet sør for skulen. Grunnarbeid + dugnad. Planar om å opparbeida området rundt grillhytta.<br><br>Blomvåg skule:<br>• Jobbar med inneklima<br>• 5. og 6.klasse er slått saman dette skuleåret<br>• Radonmåling. FAU etterlyser resultat og tiltak (bryter friskluftsanlegg/ alarm) i forhold til ventilasjon<br><br>Alvheim og Bakken:<br>• Eitt FAU møte dette skuleåret<br>• Alvheim skule: Lavvo skal setjast i stand<br><br>Oppmoding frå leiar til kvart FAU: **Meld inn saker i forkant av KFUG-møte.** |
| **21/13** | **Status frå administrasjonen (max 10 min)**<br><br>**Status miljøretta helsevern**<br>Øygarden ungdomsskule, Toftøy skule og Bakken skule er godkjent<br>Rong skule, Blomvåg skule og Alvheim skule ventar på godkjenning denne hausten<br><br>**Driftstilpassingsprosjektet**<br>Bakgrunn: Kommunestyret har vedtatt å ta ned driftskostnadene i kommunen. For skule utgjer nedtrekket kr. 1 750 000 for 2014 og 1 750 000 for 2015. Rådmannen legg fram forslag til tiltak til politisk |

| | |
|---|---|
| | behandling i slutten av oktober.<br><br>**Tjeldstø skule**<br>Kommunestyret vedtok 18.09 å leggja Tjeldstø skule ut på anbodsrunde.<br>Finansiering av Tjeldstø skule kjem opp som del av investeringsbudsjettet i kommunestyret i desember.<br><br>**Elevutvikling**<br>Elevtalet i kommunen aukar. Ved inngangen til nytt skuleår går det 637 elevar ved dei fem skulane. Det er elevtalet ved Øygarden ungdomsskule (205) og Toftøy skule (146) som aukar<br><br>**Tilstandsrapport for grunnskulen 2013**<br>Kommunestyret behandla 18.09 Tilstandsrapport for grunnskulen i Øygarden. Tilstandsrapporten viser faktatal om elevar, assistentar og undervisningspersonale for kvar skule.. Rapporten viser også resultat for læringsmiljø, nasjonale prøvar og karakterar på skulenivå.<br><br>Det kommunale foreldreutvalet ønskjer gjerne å få utdelt tilstandsrapporten, dersom nødvendig mot å skriva under taushetserklæring (sidan rapporten er ikkje-offentleg). |
| **22/13** | **Eventuelt**<br>**Fug-konferanse:**<br>FUG-konferanse, Gardermoen 19. og 20.oktober. Konferansen var fullteikna ved utgangen av september.<br><br>**Thomas Nordahl:**<br>Leiar får støtte til å ta kontakt med Thomas Nordahl. KFUG ser for seg ein kveldskonferanse, vinter-vår 2014, der både foreldre og lærarar vert inviterte. Og der tema kan vera:<br>• Kva faktorar er i følgje forskning (John Hattie) viktige i forhold til elevane sitt læringsutbytte?<br>• Kva faktorar er viktigast for skulen å vektleggja?<br>• Kva kan foreldra bidra med?<br><br>**Helsestasjon:**<br>Kva reglar gjeld for helsestasjon i forhold til prevensjon og foreldreinformasjon. Spørsmålet vert oversendt helsestasjon.<br><br>**Møteplan hausten 2013:**<br>Det vert kalla inn til neste møte i KFUG, torsdag 28. november, kl.19.00 til 21.00 |